



Fylkesmannen og Fylkeslegen i Hordaland

# HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGA

1998 - 2001 (2002)



Sluttrapport for Hordaland

## **Utarbeidd av Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid med Fylkeslegen i Hordaland på oppdrag av Sosialdepartementet**

Føremål med rapporten er i samsvar med oppdraget frå departementet å oppsummera resultata av Handlingsplan for eldreomsorga på kommune- og fylkesnivå. Rapporten skal ha fylgjande funksjonar:

- Attendemelding og informasjon til kommunane i Hordaland (politikarar, eldreråd, administrasjon og tilsette i helse- og sosialsektoren)
- Rapport til Sosialdepartementet og Sosial- og helsedirektoratet
- Informasjon til Kommunal- og regionaldepartementet og Husbanken
- Informasjon til politikarar, brukarar, organisasjonar og publikum

# INNHALD

Innleiing .....	2
Samandrag .....	3
Utvikling i folketal – eldre over 80 år.....	4
Årsverk i pleie og omsorgstenestene 1998-2001.....	6
Auke i årsverk.....	6
Dekkingsgrad.....	6
Skjønstilskot.....	8
Bygging av institusjonar og omsorgsbustader.....	9
Statleg tilskot til omsorgsbustader og sjukeheims plassar 1998-2002.	10
Dekkingsgrad i 2005.....	11
Einerom.....	13
Bergen kommune – gjennomføring av Handlingsplanen .....	15
Vidareføring av Handlingsplanen .....	18

## Vedlegg

Dekkingsgrad alders- og sjukeheims plassar 1997-2001

Dekkingsgrad aldersheims plassar o.a. 1997- 2001

Dekkingsgrad sjukeheims plassar 1997-2001

Alders- og sjukeheimar i Hordaland med meir enn 10 plassar

Prioriterte prosjekt 2001 – 2002

Årsverk i pleie- og omsorg 1997 og 2001

## INNLEIING

I juni 1997 vedtok Stortinget samrøystes å setja i gang "Handlingsplan for eldreomsorga", ei av dei største sosialpolitiske satsingane i Noreg. Eldreomsorga skulle setjast på dagsorden og styrkast ved hjelp av øyremerka statlege tilskot. Handlingsplanen skulle medverka til at eldre med behov for pleie og omsorg skal få leva eit mest mogleg sjølvstendig, trygt og verdig liv. Ein føresetnad for dette er at tenestetilbodet både har kapasitet og kvalitet som fører til at eldre kjenner seg trygge på at dei vil få eit godt tilbod når dei treng det. Dei overordna nasjonale måla for handlingsplanen har vore å:

- Gje tryggleik for individuelle tenester etter behov
- Styrka omfang og kvalitet på tenestene
- Utvikla heilskapelege og fleksible tenestetilbod
- Gje likeverdige tilbod, uavhengig av bustad, inntekt og ressursar
- Opna for brukarmedverknad og fridom til sjølv å velja

Eldresatsinga skulle rettast inn mot eldre over 80 år. Dei øyremerka statlege tilskota skulle gå både til drift og investeringar. Det vart på landsbasis sett to handlingsmål for denne satsinga:

### **Drift**

Det skulle skipast i alt 12 030 nye årsverk, fordelt slik mellom heimebasert omsorg og institusjonsomsorg:

6 000 nye årsverk i heimetenestene

6 030 nye årsverk i institusjonsomsorga

### **Investeringar**

Det skulle byggjast 24 400 nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader, fordelt slik etter føremål:

7200 nye omsorgsbustader

2400 omsorgsbustader til erstatning for nedslitne alders- og sjukeheimar

6400 nye sjukeheimplassar for å imøtekoma auka behov og for jamna ut skilnader mellom kommunane

6000 nye eisengsrom i sjukeheimane

2400 sjukeheimplassar til erstatning for nedslittenedslitne alders- og sjukeheimar

Seinare vedtok Stortinget å utvida rammene med i alt 14 000 einingar, slik at samla ramme er oppe i 38 400 einingar. Målet for rammeutvidingane har m.a. vore:

- Alle kommunar skal ved hjelp av statlege tilskot kunna bygga ut tilbodet tilsvarande 25 prosent av folketalet over 80 år, anten tilbodet vert gitt i sjukeheim, aldersheim eller omsorgsbustad
- Innan ramma av 25 prosent dekking skal kommunane kunna tilby tilfredsstillande eineromsdekking
- På landsbasis skal eineromsdekkinga vera godt over 90 prosent

Ved siste rammeutviding i juni 2002 vedtok Stortinget at minst 3 000 av 5 000 nye einingar skulle øyremerkast til sjukeheimplassar.

Av samla ramme på 38 400 einingar er kommunane i Hordaland tildelt 3 650 einingar, altså 9,5 prosent.

Etter som det er kommunane som har ansvaret for eldreomsorga, var det kommunane som i praksis skulle utføra storsatsinga. For å sikra at handlingsplanen vart gjennomført i tråd med intensjonane tok staten i bruk sterke finansielle og juridiske verkemidlar. Kommunane måtte utarbeida ein konkret plan for utbygging av eldreomsorga etter eit standard rapporteringsskjema utarbeida av Sosial- og helsedepartementet. Dei kommunale handlingsplanane måtte og vera politisk godkjende før kommunane kunne få utbetalt statlege tilskotsmidlar.

## SAMANDRAG

Dei nasjonale måltala i handlingsplanen vart nådd. Sjølv om det ikkje vart utforma måltal på fylkesnivå vart måltala også nådde i Hordaland både når det gjeld drift og investeringar. Når det gjeld institusjonstilbod og omsorgsbustadtilbod må vi rimelegvis venta til byggjeverksemda er sluttført i 2005 før vi feller endeleg dom, men på fylkesnivå viser prognosane at Hordaland vil nå målsettingane både for dekkingsgrad for omsorgsplassar på over 25 prosent og eineromsdekking på godt over 90 prosent.

### Auke i årsverk innan pleie og omsorg

I fireårsperioden 1998-2001 fekk kommunane eit øymerka driftstilskot, omsorgstenestetilskotet, til styrking av pleie- og omsorgssektoren. Det var eit vilkår at tilskotet i sin heilskap skulle nyttast til nye eller utvida tilbod, samstundes som kommunane ikkje kutta i andre delar av pleie- og omsorgstenesta. I det alt vesentlege skulle midlane nyttast til nye årsverk. Tilskota auka år for år, til det i 2001 nådde om lag 336 mill. kr til kommunane i Hordaland. Einaste unntaket frå kravet om auka aktivitet var Etne, som er forsøkskommune og har ei anna tilskotsordning. Tilskotet i 2001 varierte frå Bergen kommune som fekk mest med om lag 178 mill. kr til Modalen som fekk minst med om lag 0,3 mill. kr. Alle kommunane i Hordaland oppfylte kravet om årleg aktivitetsvekst.

I fylgje Sosialdepartementet sine tal auka innsatsen innan pleie og omsorg med i alt 1 411 årsverk i Hordaland i fireårsperioden. Dette inneber at auken i årsverk innan pleie og omsorg har følgd med auken i eldrebefolkninga, både på fylkesbasis og i landet. Dekkingsgraden i Hordaland var 46 årsverk pr. hundre innbyggjarar over 80 år både i 1997 og i 2001. På landsbasis var tala 43 både i 1997 og i 2001. Opplysningar om dekkingsgrad er likevel ikkje nok til å vurdera om auken i årsverk er tilstrekkeleg i høve til å imøtekomma behova til pasientane.

Tabell: Årsverk i pleie og omsorg

Dekkingsgrad årsverk pr. hundre over 80 år	Hordaland 1997	Hordaland 2001	Landet 1997	Landet 2001
Folketal 80 år +	18 192	20 066	184 413	201 341
Personell – årsverk	7 893	9 304	79 435	92 553
Personelldekking	43	46	43	46

Kjelde: Sosialdepartementet

### Institusjonsplassar og omsorgsbustader

Av samla ramme på 38 400 einingar er kommunane i Hordaland i fylgje Husbanken sine tal tildelt 3 650 einingar, noko som utgjer 9,5 prosent av den samla tildelinga. Dette er litt under gjennomsnittleg fordeling på landsbasis.

Hordaland hadde i 1997 ein dekkingsgrad på 27 plassar pr. hundre innbyggjarar over 80 år, og dette utgjorde eit halvt prosentpoeng meir enn landsgjennomsnittet. Prognosane viser at Hordaland i 2005 vil ha ein dekkingsgrad på 33 plassar pr. hundre innbyggjarar over 80 år, og også dette vil utgjera eit halvt prosentpoeng meir enn landsgjennomsnittet. Når det gjeld einerom var 79 prosent av romma i alders- og sjukeheimane i Hordaland einerom i 1997, medan landsgjennomsnittet var 5 prosentpoeng høgare. Prognosen viser at i 2005 vil heile 96 prosent av romma i alders- og sjukeheimane i Hordaland vera einerom, og dette er nesten like høgt som landsgjennomsnittet på 97 prosent.

Tabell: Sjukeheimplassar, aldersheimplassar og omsorgsbustader

Dekkingsgrad plassar pr. hundre over 80 år	Hordaland 1997	Prognose for Hordaland 2005	Landet 1997	Prognose for landet 2005
Samla dekking	27	33	26,5	32,5
Sjukeheimplassar	3 283	4 020 (19)	34 291	40 100 (19)
Aldersheimplassar	1 244	617 (3)	9 437	3 100 (1,5)
Omsorgsbustader	443	2 325 (11)	5 357	26 000 (12)
Eineromsdekking (i prosent av tal et på rom)	79	96	83	97

Kjelde: Sosialdepartementet


## UTVIKLING I FOLKETAL – ELDRE OVER 80 ÅR

I perioden 1.1.1998-1.1.2002 auka talet åttiåringar og eldre med 1 759 personar i Hordaland. Dette representerer ein vekst på 9,7 prosent og er ein høgare vekst enn landsgjennomsnittet, som i same perioden var på 9,2 prosent. Fem av kommunane her i fylket hadde større vekst enn 20 prosent: Modalen, Etne, Bømlo, Austevoll og Fitjar. Vaksdal var einaste kommune her i fylket som fekk færre åttiåringar i denne perioden. Masfjorden og Ulvik hadde svært låg vekst med mindre enn fem prosent auke. I Bergen var auken på 8,5 prosent, altså ein del lågare enn fylkesgjennomsnittet.

Framskrivningar av folketalet viser at eldrebefolkninga stadig aukar, både i Hordaland og i landet. I perioden frå 2002 og fram til 2010 aukar talet eldre over 80 år med om lag 15 prosent på landsbasis. For fylket viser prognosen ein auke på 6,2 prosent, medan auken på landsbasis er litt lågare med 5,8 prosent.

Statistisk sentralbyrå sine tal viser store skilnader mellom kommunane i fylket også i åra som kjem: 15 kommunar vil få ein auke i eldre 80 år og over, ein kommune står i ro, og 18 får reduksjon i eldrebefolkninga fram til 2010. Den desidert største auken kjem i øykommunar sør og vest for Bergen, men også Bergen har større auke i eldre enn gjennomsnittet i fylket og i landet. Dei fire kommunane med største auke er Stord, Fitjar, Fjell og Askøy, som alle får meir enn 15 prosent vekst. I tillegg er det fire kommunar som får meir enn ti prosent vekst i eldrebefolkninga: Bømlo, Øygarden, Austevoll og Bergen. Diagrammet under viser kommunane som kan venta auke i talet på eldre fram til 2010:

Prosentvis auke i folketalet over 80 år frå 2002 til 2010



I samband med Handlingsplan for eldreomsorga har ein valt å fokusera på talet eldre over 80 år då dette talet gjev ein god indikasjon på omfanget av behov for eldreomsorg. I tillegg vil rimelegvis talet eldste eldre, over 90 år, vera interessant. For små kommunar vert prognosen for dei som er 90 år og eldre vere så usikker at denne ikkje vert omtalt her.

Dei kommunane som kan venta stor vekst i eldrefolkninga bør i den vidare planlegging ta spesielt omsyn til forventna auke i behova for eldreomsorg.


I alt 18 av kommunane i Hordaland vil få reduksjon i eldrefolkninga (80+) i åra som kjem. Dette er for det meste små kommunar som samla utgjer eit mindretal av eldrefolkninga i fylket. To av desse kommunane, Kvinnherad og Kvam, har meir enn 500 eldre (80år og over).

Fire kommunar vil få meir enn 20 prosent reduksjon fram til 2010: Granvin, Modalen, Ullensvang og Jondal.

Også kommunar med reduksjon i eldrefolkninga kan stå overfor utfordringar i planlegginga av sitt framtidige omsorgstilbod, spesielt når ressursituasjonen tilseier nedbemanning.

Diagrammet under viser kommunane som kan venta reduksjon i eldrefolkninga fram til 2010:

**Prosentvis reduksjon i eldrefolkninga (80+) frå 2002 til 2010**



## FLEIRE ÅRSVERK I PLEIE- OG OMSORGSSEKTOREN

I løpet av fireårsperioden 1998-2001 er pleie- og omsorgstenesta i Hordaland i følge Statistisk sentralbyrå styrka med 1 388 årsverk. I 2001 var det 9 281 årsverk innan pleie og omsorg. Ingen annan kommunal sektor har i denne tida fått styrka tenestetilbodet tilsvarande. Den auka innsatsen har også vore påkravd, etter som behovet for omsorgstenester har auka som fylgje av ei aukande eldrebefolkning.

Bergen kommune auka innsatsen desse fire åra med 629 årsverk til 4 729 årsverk i 2001. Fire andre kommunar hadde ein vekst på over 50 årsverk: Lindås 116, Askøy 81, Os 69 og Fjell 53 årsverk.

Ingen kommunar her i fylket hadde reelle kutt i pleie- og omsorgssektoren denne perioden. På grunn av dårlege registreringsrutinar går ikkje auken i årsverk i kommunane Voss og Eidfjord fram av statistikken.

### Auke i årsverk

Rekna i prosent var veksten i Hordaland på 18 prosent, noko som er over landsgjennomsnittet på 16 prosent. Av kommunane var den registrerte veksten størst i Lindås med 60 prosent og Øygarden med 54 prosent. Fire andre kommunar hadde meir enn 30 prosent vekst: Os 35, Samnanger 34, Austrheim 32 og Fjell 31. Den minste prosentvise veksten var i Voss og Eidfjord. Veksten i Bergen var på 15 prosent, altså under landsgjennomsnittet og gjennomsnittet for fylket. Det er ein tydeleg tendens til at kommunane med størst vekst i eldrebefolkninga i planperioden, også har hatt størst vekst når det gjeld årsverk pleie- og omsorgspersonell.

I eigne rapporteringar har kommunane informert om korleis dei nye årsverka vart fordelte mellom institusjonsomsorg, heimetenester og andre tenester som dagsenter og administrasjon. Denne oversikta viser at mesteparten av dei nye årsverka (d.v.s. 54 prosent) vart sette inn i heimetenestene. Truleg har dette samanheng med at tenestetilbodet i dei nye omsorgsbustadene kjem i denne kategorien. Talet på årsverk i institusjonane vart også styrka sjølv om talet på plassar i institusjonane var om lag uendra i perioden. Om lag 6 prosent av dei nye årsverka kom innan administrasjon.

Tabellen viser nye årsverk innan pleie og omsorg i Hordaland 1999-2001 fordelt på type teneste.

	1998	1999	2000	2001	I alt	Prosent
Institusjonsomsorg	113	143	109	97	462	40 %
Heimetenester	142	139	164	173	618	54 %
Andre tenester	20	17	11	17	65	6 %
I alt	275	299	284	287	1 145	100 %

Dette er tal kommunane har rapportert inn i samband med Handlingsplan for eldreomsorga, og sluttsammen samsvarer ikkje heilt med tala kommunane har rapportert inn til Statistisk sentralbyrå. Differansen kan t.d. skuldast at årsverk i private institusjonar ikkje er tatt med eller at årsverk i pleie og omsorg utanom eldreomsorg ikkje er rapportert inn.

### Dekkingsgrad


Ein vanleg måte å måla dekkingsgrad på er å rekna årsverk innan pleie og omsorg pr. hundre innbyggjarar over 80 år. Også i denne samanheng kan vi sjå vekst i Hordaland, frå 43 årsverk pr. hundre innbyggjarar 80 år og eldre i 1997 til 46 i 2001. Dette er likt med veksten på landsbasis.

Når det gjeld kommunane i fylket er det store skilnader i dekkingsgrad. Dei rike kommunane Modalen og Eidfjord på topp. For Modalen sitt vedkomande må vi ta omsyn til at kommunen i stor monn yter tenester til personar frå andre kommunar ved sal av institusjonsplassar. Utanom Modalen og Eidfjord viser tala frå Statistisk sentralbyrå fylgjande kommunar på topp: Fitjar 64, Askøy 63, Os 58, Øygarden 58 og Lindås 55 årsverk pr. hundre innbyggjarar 80 år og eldre. Bergen kommune hadde i 1997 same dekkingsgrad som gjennomsnittet (43) for fylket og landet. I 2001 var det 45 årsverk pr. hundre innbyggjarar 80 år og eldre, altså under gjennomsnittet for fylket og for landet.



Det er i denne samanheng viktig å vera merksam på at ikkje alle pleie- og omsorgstenester er eldreomsorg. Kommunar med mange yngre sjuke og funksjonshemma får gjerne høg dekkingsgrad, fordi det ikkje let seg gjera å trekkja ut av reknestykket den pleie og omsorg som vert ytt til yngre grupper.

Diagrammet under viser prosentvis vekst når det gjeld pleie- og omsorgspersonell i perioden 1997-2001.



## SKJØNSTILSKOT

Under Handlingsplan for eldreomsorga har det vore eit eige skjønstilskot som fylkesmennene har fordelt i samarbeid med fylkeslegane. Tabellen under viser kor mykje Hordaland fekk kvart av dei fire åra:

1998	6 000 000 kr
1999	16 500 000 kr
2000	16 300 000 kr
2001	16 450 000 kr

Etter tildelingskriteria skulle midlane nyttast til tre typar tiltak:

1. Styrking av tenestenivået i kommunane med dårlegast pleie- og omsorgsteneste.
2. Kompensasjon for tidlegare utbygging av sjukeheimar og omsorgsbustader til dei kommunane som bygde like før dei gunstige statlege tilskotsordningane.
3. Ein del av midlane kunne nyttast til kompetanseheving innan pleie- og omsorgstenestene.

Midlane i 2001 vart fordelt slik på tiltak

Styrking av tenestenivå	7 600 000 kr	46 %
Kompensasjon for tidlegare utbygging	6 550 000 kr	40 %
Kompetanseheving	2 300 000 kr	14 %

I Hordaland gav vi største delen av midlane, 46 prosent, til kommunar som hadde stort behov for å styrka pleie- og omsorgstenestene. Ved tildeling vart desse midlane øyremerka til bestemte føremål, i hovudsak til styrking av omsorga for aldersdemente. Frå sentralt hald blei det gitt føringar om at eit stor del av skjønsmidlane skulle gå som kompensasjon til dei kommunane som ut frå eigne prioriteringar bygde sjukeheimar og omsorgsbustader like før dei gunstige statlege tilskotsordningane. Desse kommunane skulle ikkje tapa for mykje på at dei på eige initiativ hadde prioritert eldreomsorga før den statlege eldresatsinga.

### Utvikling av tenestetilbod til aldersdemente

Når det gjeld midlane til kompetanseheving vil vi spesielt nemna samarbeidet med Olaviken behandlingssenter om styrking av kommunane sin kompetanse på demensomsorg. Dette tiltaket er etter vår vurdering så vellukka at vi også i 2002 og 2003 yter skjønsmidlar til tiltaket, men no av skjønsmidlane over kommunaldepartementet sitt budsjett.

Det å yta eit godt tenestetilbod til aldersdemente er ei av dei største oppgåvene innan eldreomsorga. På førespurnad frå fylkeslege og fylkesmann i januar 1998 svara kommunane i Hordaland at det særleg var to områder dei hadde større utfordringar i samband med eldresatsinga: Det eine var behovet for styrka **plankompetanse**, og det andre var opplevinga av å koma til kort når det gjaldt tilbodet til **aldersdemente**. Olaviken behandlingssenter er regionalt kompetansesenter på fagfeltet aldersdemens og tok oppgåva med å undervisa og rettleia ressurspersonar i kommunane om aldersdemens. Alle kommunane i fylket fekk invitasjon til å melda på interesserte fagpersonar til interkommunale nettverk. Dei fleste kommunane blei med. Målet med å oppretta nettverka var tredelt:

- Å kvalitetssikra pleie- og omsorgstilbodet til aldersdemente.
- Å medverke til at kommunane fekk ressurspersonar med kompetanse i høve til aldersdemens.
- Å auka kommunane sin samla kompetanse på dette feltet.

I tillegg til det kontinuerlege nettverksarbeidet skipar Olaviken også til større årlege fagkonferansar for nettverkspersonane. Etter kvart er deltakarane i nettverket blitt tydelege som fagpersonar i kommunane og har fått ei større rolle i utforminga av kommunale tenestetilbod til aldersdemente. Eit viktig delmål har vore å få etablert faste team med legar og sjukepleiarar for betre å imøtekoma behovet for at dei aktuelle pasientane får ei forsvarleg utgreiing. Stadig fleire av kommunane etablerer slike team, nokre på tvers av kommunegrensar og i samarbeid med psykiater i spesialisthelsetenesta. Mange nettverkskontaktar arbeider med å utvikla samarbeid med dei pårørande, som er ein viktig ressurs i omsorga for demente.

## BYGGING AV INSTITUSJONAR OG OMSORGSBUSTADER

Både her i fylket og i landet er det i samband med handlingsplanen sett i gang ei storstilt utbygging av nye sjukeheimar og omsorgsbustader. Mange av dei nye prosjekta kjem rett nok til erstatning for gamle nedslitne bygningar, som vert avvikla etter kvart som nybygga står ferdige. I dei fleste tilfelle er dette ei naudsynt utskifting av tungdrivne institusjonar der det ikkje lenger er mogeleg å gje pasientane tilfredsstillande tilbod.

Kommunane har frå tidlegare hatt mange eldre institusjonar med to og fleirsengsrom. Eldresatsinga vil i stor grad gje ei bygningsmessig kvalitetsforbetring ved at dei eldre kan få tilbod om einerom på sjukeheimar med høgare standard. Det er difor viktig også å vurdera resultatane av eldresatsinga i form av betre kvalitet og ikkje isolert gjennom talet på nye einingar.

Husbanken sine tal viser at kommunane i Hordaland i alt har søkt om tilskot til 4 043 sjukeheimsplassar og omsorgsbustader i handlingsplanperioden. Av dette er 3 650 innvilga, altså meir enn 90 prosent (Ein del omsorgsbustader under Opptreppingsplan for psykisk helse kjem i tillegg).

Dei første åra i planperioden vart dei statlege tilskota til sjukeheimar og omsorgsbustader tildelte etter kvart som søknadene kom inn og prosjekta fylte vilkåra. Dette gjekk bra så lenge søknadsmengda ikkje var større enn dei årlege budsjetttrammene, men i 2000 endra situasjonen seg. Tilsegningsramma for dette året vart tidleg brukt opp, og det vart klart at søknadsmengda ville bli mykje større enn budsjettet tilsegningsramme for 2001. Dette vart løyst ved at kvart fylke fekk tildelt ei tilsegningsramme, og ved at ramma vart utvida i 2001 og ved nye rammes for 2002. Fylkesmannen og fylkeslegen fekk i oppgåve å prioritera mellom søknadene, etter kriterier gitt av sosialdepartementet.

Samla utgjorde ramma til Hordaland 2 265 einingar dei to åra fylkesmannen og fylkeslegen hadde oppgåva med å prioritera. Desse einingane blei fordelte ut frå mål som utjamning mellom kommunar, styrking av dei som hadde dårlegast utgangspunkt, og auka behov der talet på eldre aukar mest. Storbykommunen Bergen med sine spesielle behov har vore prioritert, og sjukeheimsplassar er prioriterte framfor omsorgsbustader. For heile planperioden fordeler tilsegna i Hordaland seg med 59 prosent på sjukeheimsplassar og 41 prosent på omsorgsbustader. Dei første åra med "første til mølla" var sjukeheimsdelen i følgje Husbanken 32 prosent, medan vi dei to siste åra med prioritering auka sjukeheimsdelen til heile 77 prosent.

Tabellen viser fordelinga i 2001 og 2002.

Årstal	Sjukeheimsplassar	Omsorgsbustader	Prosentdel sjukeheimsplassar
2001	530	150	77,9 %
2002	1221	364	77,0 %
Sum 2001 og 2002	1751	514	77,3 %



Bildet viser Masfjorden sjukeheim på Hosteland som vart offisielt opna av fylkesmann Svein Alsaker i januar 2002


## Statleg tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar i Hordaland 1998-2002

I perioden 1998-2002 er det i fylgje Husbanken sine tal gitt tilsegn om statleg tilskot til i alt 3 791 omsorgsbustader og sjukeheimsplassar . I dette talet er det og medrekna tilsegner til bustader under Opptrappingsplanen for psykisk helse. Kommunane Voss, Vaksdal, Fusa, Stord og Fitjar lyt venta på endeleg tilsegn til dei kan leggje fram ein økonomiplan i balanse når byggjeprojekta er inkluderte. Rekna i einingar er Bergen den kommunen som har fått mest av dei tildelte tilsegnene med i alt 1636 einingar, noko som utgjer 45 % av alle i fylket. Ytterlegare sju kommunar har fått tilskot til meir enn hundre einingar: Voss 197, Askøy 171, Kvam 144, Lindås 134, Stord 131, Vaksdal 105 og Os 100. To av kommunane i fylket, Eidfjord og Fedje, har ikkje søkt om statlege investeringstilskot i planperioden.

Tilsegnene i Hordaland fordeler seg med 2 246 (d.v.s. 59,2 prosent) på sjukeheimsplassar og 1 545 (d.v.s. 40,8 prosent) på omsorgsbustader.


Kommune	Tilsegn i alt	Omsorgsbustader	Sjukeheimsplassar
Bergen	1 653	484	1 169
Voss	231	91	140
Askøy	175	59	116
Kvam	144	90	54
Lindås	134	58	76
Stord	129	89	40
Kvinnherad	123	66	57
Vaksdal	105	31	74
Osterøy	98	34	64
Os	94	94	0
Odda	86	45	41
Fjell	72	72	0
Austevoll	70	30	40
Bømlo	67	27	40
Sund	59	7	52
Øygarden	58	10	48
Etne	54	32	22
Ølen	54	14	40
Meland	45	30	15
Sveio	43	24	19
Jondal	40	10	30
Masfjorden	40	9	31
Fusa	35	22	13
Fitjar	34	24	10
Tysnes	32	23	9
Austrheim	31	14	17
Ullensvang	28	22	6
Radøy	21	21	0
Granvin	17	0	17
Samnanger	11	11	0
Ulvik	6	0	6
Modalen	2	2	0
Eidfjord	0	0	0
Fedje	0	0	0
<b>Hordaland</b>	<b>3 791</b>	<b>1 545</b>	<b>2 246</b>

Diagrammet under viser talet på sjukeheimplassar og omsorgsbustader med statleg tilskot pr. hundre innbyggjar over 80 år. Hordaland har fått 18 einingar pr. hundre innbyggjar over 80 år. Dette er litt mindre enn landsgjennomsnittet som er på 19 einingar. Bergen har fått 15 einingar pr. hundre innbyggjar over 80 år, medan kommunane i Hordaland utanom Bergen har fått 22. I denne samanheng finn vi det rett å peika på at Bergen har fått innvilga alle sine søknader om statleg tilskot til sjukeheimplassar og omsorgsbustader for eldre. Dei kommunane her i fylket som har fått best uttelling når det gjeld statlege investeringstilskot er Jondal med 43 einingar pr. hundre innbyggjar over åtti år, Masfjorden med 38, Vaksdal 34, Austevoll 31 og Øygarden 30.



## Dekkingsgrad i 2005

Ei av Stortinget sine målsettingar er at alle kommunar ved hjelp av statlege tilskot skal kunna bygga ut tilbodet med heildøgns plassar svarande til 25 prosent av folketalet over 80 år. Tilbodet kan gjevast i sjukeheim, aldersheim eller omsorgsbustad. Ved utgangen av 2005 skal alle dei bygga som får statlege tilskot i samband med Handlingsplan for eldreomsorga stå ferdige. På grunnlag av kommunane sine plantal har vi utarbeidd ein prognose for dekkingsgrad i 2005. Diagrammet under viser prognosane for kommunane i Hordaland. Alle unntatt ein kommune når målet.



På bakgrunn av prognosane for kvart fylke har sosialdepartementet utarbeidd ein prognose for heile landet. Etter prognosane vil dekkingsgraden for institusjonsplassar og omsorgsbustader samla vera den same for Hordaland som for landet, med 32 ½ eining pr innbyggjar 80 år og eldre. Også for sjukeheimar åleine vil dekkingsgraden vera lik for fylket og for landet med 19 einingar pr. innbyggjar 80 år og eldre.

Skilnaden er at Hordaland får færre omsorgsbustader enn landet elles med 11 mot 12 einingar, og fleire aldersheimsplassar enn landsgjennomsnittet med 3 mot 1,5 einingar. Det er særleg Bergen som vil ha mange aldersheimsplassar att, men også Askøy kommune dreg opp dette gjennomsnittstalet for Hordaland. Ein del av dei aldersheimane som står att er bygningar som representerer den eldste bygningsmassen for institusjonar. Det er då grunn til å merka seg at om lag halvparten av institusjonsplassane i Hordaland i 2005 vil vera nye plassar med tilskot frå handlingsplanen. Reknar ein med omsorgsbustadene vil nær to tredelar av plassane vera nye her i fylket.

Prognosen viser at alle kommunane i Hordaland unntatt Odda vil få dekkingsgrad på meir enn 25 prosent. For Odda vert dekkingsgraden i fylgje prognosen redusert frå 28 prosent i 1997 til 21 i 2005. Dette skuldast m.a. at kommunen har planar om å erstatta noverande sjukeheim i Odda sentrum som har 68 plassar (nest største sjukeheim i Hordaland utanom Bergen), med ein mindre på Bakka Vest som berre skal ha 32 plassar. Odda har i tillegg frå tidlegare satsa på utbygging av ein sosial bustadmasse som ikkje kjem i kategorien omsorgsbustader. Kommunen legg til grunn at behovet for pleie- og omsorgstenester vert dekte med færre sjukeheimsplassar og ein dekkingsgrad under 25 prosent.


### **Einerom**

Stortinget har sett som mål at innan ramma av 25 prosent dekkingsgrad skal kommunane kunna tilby einerom i institusjon til dei som ønskjer det. På landsbasis skal eineromsdekkinga vera godt over 90 prosent. På bakgrunn av st.meld. 50 er det lagt opp til å forskriftsfesta eineromskravet. Den eksisterande forskrifta om kvalitet i pleie- og omsorgstenestene inneheld ikkje noko krav om einerom. Regjeringa har seinhaustes 2002 sendt på høyring eit framlegg om at forskrifta skal utvidast med to nye punkt: Tilbod om einerom ved langtidsopphald for dei som ønskjer det og eit tilrettelagd tilbod for pasientar med demens. Forskrifta skal også gjelda for tenester etter sosialtenestelova og ikkje berre kommunehelsetenestelova som i dag. Departementet tek sikte på at desse endringane vert gjeldande frå 1. mars 2003. Det skal takast omsyn til dei byggjearbeida som ikkje er fullførte før i 2005.

I 1997 hadde seks av kommunane i Hordaland alders- og sjukeheimar med berre einerom. Ein prognose basert på kommunane sine eigne plandata viser at i 2005 vil 20 av 34 kommunar i Hordaland ha hundre prosent eineromsdekking i sine institusjonar, og ni kommunar vil ha dekkingsgrad mellom nitti og hundre prosent. Dei tre kommunane som vil ha dekkingsgrad mellom åtti og nitti prosent er Samnanger, Ullensvang og Osterøy. Os vil ha mellom sytti og åtti prosent, og Fedje vil ha ein dekkingsgrad under sytti prosent. For fylket vil dekkingsgraden for einerom auka frå 79 prosent i 1997 til 96 prosent i 2005. For heile landet aukar dekkingsgraden frå 83 prosent til 97 prosent. Eineromsdekkinga i Hordaland aukar tydeleg meir enn landsgjennomsnittet, og det er særleg Bergen som medverkar til denne positive utviklinga (frå 74 ½ prosent i 1997 til 95 prosent i 2005).

Dersom prognosen slår til vil alle kommunane i fylket etter vår vurdering vera godt budde i høve til å kunna innfri krav om einerom. For Osterøy kommune vil tala truleg endra seg når det vert avklara korleis gamle institusjonar skal brukast etter at den nye sjukeheimen på Hauge står klar om eit års tid. Os kommune har satsa storstilt på omsorgsbustader og har svært få institusjonsplassar. Lågt tal på dobbeltrom i institusjonane gjev såleis ein høg prosent. Fedje kommune har ein liten sjukeheim, åtte av tolv rom er einerom. Til vanleg blir dei fire dobbeltromma nytta som einerom når pasientane ynskjer det. Når dei fire dobbeltromma vert nytta som einerom vil Fedje ha hundre prosent dekkingsgrad. Diagrammet på neste side viser dekkingsgrad for einerom i kvar kommune i 1997 og prognosen for 2005.

## Einerom i alders- og sjukeheimar 1997 - 2005





## BERGEN KOMMUNE – GJENNOMFØRING AV HANDLINGSPLANEN

I samband med Handlingsplan for eldreomsorga har fylkeslegen og fylkesmannen hatt særleg merksemd på Bergen kommune. Då handlingsplanen for eldre blei sett i verk hadde Bergen mange gamle og nedslitne bygningar, få einerom og store utfordringar i høve til å dekkja behov for tenester og rekruttera personell. Kommunen har åleine meir enn halvparten av dei eldre i Hordaland, og også meir enn halvparten av institusjonsplassane og pleie- og omsorgspersonellet i fylket.

Ei anna årsak til vårt særlege engasjement var at kommunen sine planar for eldresatsinga i liten monn la opp til auka dekkingsgrad av institusjonsplassar. Ombygging til einerom og avvikling av gamle institusjonar var naudsynt, men medførte at dei nye plassane i hovudsak berre erstatta plassar som blei borte.

Bergen har mange ressursar, men også store utfordringar. I 2002 rapporterer Bergen om 240 personar på venteliste til sjukeheimplass. Dette er like mange som i 2001. Det er kommunen sjølv som har funne det tenleg å rapportera på denne måten om kor mange som står på venteliste til langtidsplass. Ein del av dei som står på ventelista får tildelt meir eller mindre permanent korttidsplass i ventetida i påvente av ledig langtidsplass. Likevel indikerer ventelista at mange som etter faglege vurderingar har behov for sjukeheimplass ikkje får slik plass innan rimeleg tid.

### Utvikling i folketal – eldre over 80 år

I perioden 1.1.1998-1.1.2002 auka talet åttiåringar og eldre med 801 personar. Dette representerer ein vekst på 8,5 prosent og er noko lågare enn landsgjennomsnittet på 9,2 prosent. I Hordaland utanom Bergen var veksten heile 11 prosent.

Framskrivninga av folketalet for innbyggjarar over 80 år viser at Bergen i perioden fram til 2010 kan venta ein større vekst enn gjennomsnittet. Framskrivning av folketalet for perioden frå 2002 til 2010 viser 10,2 prosent fleire over 80 år for Bergen, mot 5,8 prosent for heile landet og berre 1,9 prosent for dei 32 andre kommunane i Hordaland.

Auken i Bergen fordeler seg med heile 40,8 prosent vekst for aldersgruppa over 90 år, medan veksten i gruppa 80-89 år berre er 5,3 prosent fram til 2010. Legg vi denne prognosen til grunn vil Bergen venteleg stå overfor større utfordringar i eldreomsorga i åra som kjem enn fylket elles. Dette kan innebera at den utbygginga Bergen er i ferd med å gjennomføra ikkje har teke høgde for dei nye utfordringane som fylgjer med auken mellom dei eldste eldre.

### Årsverk i pleie- og omsorgssektoren

I løpet av fireårsperioden 1998-2001 er årsverk i pleie- og omsorgstenesta i Bergen auka med 15 prosent frå 4 097 til 4726 (kjelde: Statistisk sentralbyrå). I den same perioden var auken på landsbasis 16 prosent, og 20 prosent i Hordaland utanom Bergen. I samband med handlingsplanen skulle alle kommunane rapportera fordelinga av nye årsverk.

Tabellen viser tala frå Bergen kommune:

Fordeling nye årsverk	1998	1999	2000	2001	I alt	Prosent
Institusjonsomsorg	36	72	48	56	212	44 %
Heimetenester	55	72	95	47	269	56 %
Andre tenester	0	1	0	0	1	0 %
I alt	91	145	143	103	482	100 %

Dei nye årsverka fordeler seg med 56 prosent til heimetenestene og 44 prosent i institusjonane. Bergen satsa såleis noko meir på å styrka institusjonsomsorga enn dei andre kommunane.

I fylgje kommunen sine planar for 2002 skulle kommunen auka innsatsen med 69 nye årsverk i institusjon og 84 i heimetenestene. Om dette slo til ville det representera større vekst i 2002 enn i kvart av dei fire føregåande åra, men krav om innsparingar i løpet av året kan føra til at veksten vert mindre enn planlagt.

### **Institusjonsplassar og omsorgsbustader i Bergen**

Kommunen har mange alders- og sjukeheimar og god dekkingsgrad samanlikna med landsgjennomsnittet. Bergen hadde før handlingsplanen starta ein dekkingsgrad på 26,5 plassar pr eldre over 80 år, og ved utgangen av planperioden ved årsskiftet 2001/2002 var dekkingsgraden 25 plassar. Når det gjeld institusjonsplassar ligg Bergen framleis over landsgjennomsnittet. Det har vore reduksjon i dekkingsgraden i planperioden, men reduksjonen er mindre i Bergen enn landsgjennomsnittet som gjekk frå 23,5 plassar til 21,2 plassar.

Bergen har nytta ein del av statstilskota frå handlingsplanen til delvis å rusta opp og erstatta ein bygningsmasse som generelt hadde dårleg standard, med mange dobbeltrom og med mange plassar i gamle aldersheimar. Fylkeslegen og fylkesmannen har gitt uttrykk for at behova innan eldreomsorga også tilseier at kommunen burde auka plasstalet meir.

Kommunen sine søknader om statlege investeringstilskot kom seint. Dei første åra i planperioden låg Bergen langt etter dei andre kommunane med søknader. Bergen trong lenger tid enn andre kommunar på planarbeidet mellom anna som følgje av storleiken på prosjekta og ein vanskeleg situasjon når det gjeld tilgang på eigna tomter. Når søknadene etter kvart kom vart desse prioriterte. Kommunen har såleis fått tilsegn om statleg tilskot til alle byggeprosjekt. Oversikta under viser desse prosjekta:

#### **429 nye omsorgsbustader for eldre:**

Fantoft sykehjem og serviceboliger	56
Kryddergården	38
Sandalskollen	37
Betanien	36
Turnhallen	36
Odins vei	35
Gyldenpris	34
Ulrikstunet	33
Liakroken	30
Fyllingsdalen serviceboliger II	25
Nesttun	23
Sethøyen	20
Konows senter	10
Rosenlund	10
Rosehagen	6

#### **Statleg tilskot til 1 234 sjukeheimsplassar:**

Bergen Røde Kors sykehjem I-II	164
Fyllingsdalen sykehjem/Løvåsen	104
Arna helseheim, I og II	100
Søreide sykehjem	90
Ladegården sykehjem I og II	88
Øvsttunheimen	74
Mildeheimen inkl Rosehagen	72
Skjoldtunet	64
Ulsetskogen sykehjem	64
Åstveit sykehjem	60
Fantoft sykehjem og serviceboliger	60
Landås menighets eldresenter	54
Solhaug eldresenter (Sotra)	40
Kalfaret bo- og servicesenter	34
Odins vei serviceboliger og sykehjem	30
Alfaz del Pi	25
Slettebakken menighets eldresenter	25
Godvik sykehjem	24
Domkirkehjemmet ombygging	24
Konow senter/Døves	20
Nykirken menighets sykehjem	8

## **Spørsmål om seinare ferdigstilling av sjukeheimar**

Ein av føresetnadene for statleg tilskot til sjukeheimar i samband med Handlingsplan for eldreomsorg er at prosjekta vert fullførte innan utgangen av 2005. Hausten 2002 retta kommunen ein førespurnad til Fylkesmannen om det var mogleg å utsetja tidspunktet for ferdiggjering for tre prosjekt til 2007 og 2008. Førespurnaden var grunngitt med den vanskelege økonomiske situasjonen. Dei prosjekta det gjaldt var Godvik sykehjem, Ulsetskogen sykehjem og ombygging av Ladegården sykehjem.

I svarbrevet til Bergen kommune skreiv Fylkesmannen at det ikkje er opna for dispensasjon frå vilkåret om ferdigstilling innan utgangen av 2005. Saka vart også tatt opp i Stortinget med spørsmål om ikkje sosialministeren kunne endra regelen om ferdiggjering. Statsråd Inngjerd Schou svara at dersom kommunen ikkje ønska å prioritera prosjekta i sin økonomiplan fram til 2005, er det heller ikkje grunnlag for statleg tilskot etter gjeldande tilskotsordning. Statsråden understreka også Bergen kommune sitt behov for nye sjukeheimsplassar i dag.

Hittil er det berre Bergen som har kome med skriftleg førespurnad om å utsetja tidspunkt for ferdigstilling, men også andre kommunar har tatt kontakt om same spørsmål. I slike samanhenger har vi i samsvar med reglane informert om at prosjekta må fullførast innan utgangen av 2005. På sentralt statleg hald vert det vurdert å utsetja tidspunktet for ferdiggjering.

Bergen kommune har også spurt om omgjerding av sjukeheimstilskot til omsorgsbustadtilskot for to prosjekt: 24 plassar ved Domkirkehjemmet og 8 plassar ved Nykirkens sykehjem. Også denne førespurnaden er grunngitt med kommunen sin økonomiske situasjonen. Heller ikkje i denne saka har vi kunna imøtekoma kommunen sitt ønskje. Då Stortinget i juni i år vedtok å auka ramma for statlege tilskot frå "Handlingsplan for eldreomsorga" med ytterlegare 3 000 einingar, føresette Stortinget at alle desse einingane skulle vera sjukeheimsplassar. Av dei 3 000 einingane fekk Hordaland tildelt 466. Det er innanfor desse 466 einingane dei to søknadene frå Bergen kommune vart prioritert. Når Stortinget har bestemt at midlane skal gå til sjukeheimsplassar, kan ikkje Fylkesmannen opna for at tilskotet vert nytta til andre føremål. I desember 2002 skriv Bergen kommune at prosjekta vert fullførte som sjukeheimsprosjekt i samsvar med dei opphavlege planane.

## **Bergen sine utfordringar**

Som storby har Bergen kommune større utfordringar i eldreomsorga enn dei andre kommunane i fylket. Meir enn halvparten av innbyggjarane over 80 år i fylket bur i Bergen. Søknaden etter offentlege pleie- og omsorgstenester er såleis vesentleg større og nettverka for innbyggjarane er annleis. Dessutan er fleire av institusjonane eldre og meir nedslitne.

Det er mange store byggjeprojekt under arbeid i Bergen, men det er usikkert om det vert auke i dekkingsgraden målt i omsorgsplassar pr. hundre innbyggjarar over 80 år. Basert på kommunen sine eigne plandata har vi rekna oss fram ein dekkingsgrad på 31 omsorgseiningar pr. hundre over 80 år når alle byggjeprojekta er fullførte. Då er også omsorgsbustadene rekna med, men ikkje servicebustader frå før handlingsplanen. Det er grunn til å stille spørsmål om kommunen sjølv med denne auken vil kunna dekkja etterspurnaden etter omsorgsplassar, i alle fall om denne aukar like mykje som auken i eldrebefolkninga og då særleg gruppa eldste eldre.

Det er óg usikkert kva endringar kommunen vil gjera i eksisterande planar. Hausten 2002 gjorde byrådet i Bergen framlegg om nedlegging av aldersheimane Soltun, Betesda, Bispengsgaten, Nyhavnssenteret og Metodistkirkens samt sjukeheimsplassar ved Nykirken og Domkirkehjemmet. I prosessen fram til budsjettvedtak vart planane om nedlegging gjort om.

Når det gjeld talet på einarom vil dette auke etter kvart som nybygga vert tatt i bruk. Dekkingsgraden for einarom vil etter gjeldande planar auke frå 74 ½ prosent i 1997 til 95 prosent i 2005. Einaromsdekkinga i Bergen vil då vere om lag som landsgjennomsnittet. For landet aukar dekkingsgraden frå 83 prosent til 97 prosent, og for fylket frå 79 prosent i 1997 til 96 prosent i 2005.

## VIDAREFØRING AV HANDLINGSPLANEN

I samsvar med Stortinget sitt vedtak i juni i år er Handlingsplan for eldreomsorg avslutta. Kommunane har fått tid på seg fram til utgangen av 2005 til å fullføra byggjeprojekta. Både Husbanken, Fylkeslegen og Fylkesmannen vil fylgja denne prosessen i samsvar med dei oppdrag vi får frå sentralt statleg hald.

### Samarbeid på regionalt statleg nivå

På regionalt nivå er det Husbanken, Fylkeslegen og Fylkesmannen som i fellesskap har utført staten sine oppgåver under Handlingsplan for eldreomsorg. Fylkesmannen har hatt koordineringsansvaret. Dei tre statlege instansane har forskjellig fagleg ståstad og forskjellig kompetanse, men samla har vi etter eiga vurdering funne praktiske løysingar som vi alle har kunna stå for. Handlingsplan for eldreomsorg har vore ei stor helse- og sosialpolitisk satsing. Medrekna statlege driftstilskot og investeringstilskot er meir enn fire milliardar kr kanalisert ut i pleie- og omsorgssektoren i Hordaland. Dei øyremerkta driftstilskota er avvikla og lagt inn i rammeoverføringane. Storparten av midlane går til likevel bygningar, og desse tilskota vil bli betalte ut over eit lenger tidsrom.

Vi har freista sjå Handlingsplan i eldreomsorga i samanheng med dei andre satsingane i helse- og sosialsektoren, og då særleg Handlingsplan for helse- og sosialpersonell og Opptappingsplan for psykisk helse. Dette har vi gjort til dels ved personellmessig overlapping på dei ymse oppgåvene, og dels ved å freista sjå dei statlege verkemidla i dei forskjellige planane i samanheng.

Det er kommunane som har ansvaret for å yta pleie- og omsorgstenester, anten i eigen regi eller ved kjøp av tenester. I planperioden har det kome forskjellig respons frå kommunane på dei statlege initiativa i samband med handlingsplanen. Dei økonomiske verkemidla la i svært stor grad også premisser for kommunale prioriteringar. Kommunane hadde i røynda ikkje anna val enn å fylgja opp. Det kom mange innspel frå kommunar som meinte staten tok frå dei det kommunale sjølvstyret, og ikkje alle kommunane var nøgde med dei sterke statlege plan- og rapporteringskrava. Mange var fortvila over å måtte venta lenge før dei fekk tilsegn om tilskot til dei projekta som inngjekk i kommunen sin lokale handlingsplan. Det var sterkt press frå kommunane både i 2000, 2001 og 2002 på at staten måtte utvida rammene, og dei kommunale initiativa førte til at rammene vart utvida fleire gonger. Hovudinstrykket har likevel vore at kommunane er nøgde med at staten tok initiativ til denne satsinga, ikkje minst fordi det var stor almen semje om å styrka eldreomsorga.

Brukarorganisasjonar har engasjert seg både før og under vegs i arbeidet med handlingsplanen. Både på kommunalt og regionalt og nasjonalt nivå har pensjonistlag, eldreråd og andre organisasjonar for eldresaka stått på. Dette er i stor grad "friske eldre" som har talt dei pleie- og omsorgstrengande si sak.

### Kvalitetsreform i eldreomsorga

Det er framleis utfordringar og uløyste oppgåver innan eldreomsorga, sjølv etter fire år med eigen handlingsplan. I statsbudsjettet for 2003 blir fokus flytta frå bygningar og kapasitet til kvalitet innan pleie og omsorg. Handlingsplanen for eldreomsorga vert no avløyst av eit utviklingsprogram for betre kvalitet og enklare ordningar i helse- og sosialtenesta.

Regjeringa har varsla at ein i denne samanheng vil setja ned eit eige lovutval som skal harmonisera lovene for den kommunale helse- og sosialsektor. Til neste år vil regjeringa leggja fram ei stortingsmelding om kvaliteten på dei kommunale helse- og sosialtenestene. Hovudpunkta i meldinga vil vera:

- Betre harmonisert regelverk for helse- og sosialtenestene (jf. eige lovutval).
- Enklare finansieringsordningar for helse- og sosialtenestene, og enklare reglar for eigenbetaling/brukarbetaling.
- Felles overordna tilsyn for helse- og sosialtenestene

- Fireårig satsing på leing og kvalitetsutvikling i pleie- og omsorgssektoren i samarbeid med Kommunenes Sentralforbund.
- Kompetanse og rekruttering gjennom ny rekrutteringsplan.
- Felles kvalitetsforskrift og internkontrollforskrift for helse- og sosialtenesta.
- Betre sakshandsaming og auka rettstryggleik, m.a. gjennom ny rettleiar for sakshandsaming.
- Regional stat (frå årsskiftet vert fylkeslegeembetet integrert i fylkesmannsembetet) si oppfølging og rådgjeving overfor kommunane.

I samband med dette siste punktet får Fylkesmannen i oppgåve å halde oversikt over den vidare utbygging av sjukeheimar og omsorgsbustader fram til dei siste vert ferdige i 2005. Fylkesmannen skal også følgja utviklinga når det gjeld driftsnivået i pleie- og omsorgstenesta fram til 2007, i tråd med st.meld. nr. 31 (2001-2002), samt følgja opp kommunane med rådgjeving og rettleiing der fokus vert sett på eldreomsorg og utvikling av pleie- og omsorgstenestene.

Når det gjeld sakshandsaming og rettstryggleik har sosialdepartementet fått utvikla ein rettleiar for sakshandsaming innan pleie og omsorg. Sosial- og helsedirektoratet har fått oppgåva å styra det vidare arbeidet med rettleiaren. Rettleiaren vil gje kommunane eit godt verkty til å utvikla eigen sakshandsamarkompetanse og til å setja fokus rettstryggleik på og kvalitet i sakshandsaminga. I st.meld. nr. 31 (2001-2002) heiter det at rettleiaren vil bli følgd opp med kurs og opplæringstiltak m.a. i regi av regional stat.

### **Nye utfordringar**

Eldrebefolkninga i fylket aukar framleis, om enn ikkje så mykje som i handlingsplanperioden. I ein del kommunar er det trong for vidare styrking av tenestene i høve til ny vekst i talet på eldre. Det er særleg Bergen og omeignskommunane vil stå overfor nye utfordringar som følgje av dette. Andre kommunar har alt nådd toppen når det gjeld auke i talet på eldre innbyggjarar. I åra som kjem kan nokre kommunar såleis få færre, men venteleg ikkje mindre samansette oppgåver innan eldreomsorga.

Etter fire år med kontinuerleg vekst i omsorgstenestene var det i 2002 nokre kommunar som skar ned på tenestetilboda. I samband med budsjettarbeidet for 2003 har fleire kommunar varsla kutt. Fylkeslegen i Hordaland og Fylkesmannen i Hordaland ser med uro på denne utviklinga. Fylkesmannen sendte i haust ut ei pressemelding med oppmoding om i størst mogleg grad å skjerma eldreomsorga frå nedskjering.

Når Handlingsplanen for eldreomsorg er avslutta, er også eit stykke arbeid på regionalt statleg hald avslutta. Fylkesmannen, fylkeslegen og Husbanken har arbeidd tett i lag om ei stor oppgåve. Røynsleane frå dette samarbeidet vil vi ta med oss inn i framtidige oppgåver. Utgangspunktet er samarbeidet i samband med fullføring av byggeprosjekta og arbeidet med kvalitetsutvikling av pleie- og omsorgstenestene, men vi vil også visa til andre utfordringar som:

- Trong for rekruttering av personell med naudsynt fagleg kompetanse til heimetenester og sjukeheimar
- Trong for differensiering av tenestetilbod; kanskje er det og grunnlag for at differensiering av tenestetilbod i større grad også kan innebera interkommunalt samarbeid?
- Trong for meir kompetanse og særleg tilrettelagde tilbod som følgje av at fleire lever lenger med kronisk sjukdom og funksjonssvikt.
- Kommunane får større oppgåver i samband behandling og pleie av fleire alvorleg sjuke i ulike sjukdomsgrupper
- Trong for utvikling av tenlege rehabiliteringstiltenester.

## VEDLEGG

### Dekkingsgrad alders- og sjukeheimsplassar 1997-2001

Kommunane er rangert etter høgast dekkingsgrad for alders- og sjukeheimsplassar i 2001

Kommune	31.12.1997	31.12.1998	31.12.1999	31.12.2000	31.12.2001	Endring 97-01
Eidfjord	55,2	56,1	55,2	55,2	48,5	-6,7
Modalen **)	85,7	70,6	94,1	84,2	47,4	-38,3
Ulvik	26,1	30,5	31,0	28,6	29,2	3,1
Fedje	34,0	34,0	31,5	29,6	28,6	-5,4
Jondal	32,2	30,2	30,9	27,9	28,4	-3,8
Austevoll	27,1	24,6	23,8	27,5	28,4	1,3
Vaksdal	24,5	24,5	24,5	24,1	25,9	1,4
Masfjorden	24,0	23,8	21,9	22,2	25,6	1,6
Bergen	26,5	25,6	25,9	25,4	25,0	-1,5
Øygarden	25,8	24,3	23,5	23,8	24,4	-1,4
Voss	24,5	23,5	23,6	23,0	24,2	-0,3
Askøy	20,2	20,0	21,5	21,6	22,1	1,9
Ølen	18,2	18,3	17,2	16,8	22,1	3,9
Samnanger	24,6	25,6	23,4	23,9	22,0	-2,6
Tysnes	20,6	19,6	18,6	21,7	21,8	1,2
Lindås	19,6	21,5	22,6	21,7	21,5	1,9
Austrheim	22,7	24,1	21,8	22,1	21,1	-1,6
Odda	22,8	21,7	21,0	20,4	20,4	-2,4
Stord	21,9	21,1	21,2	22,5	20,3	-1,6
Fusa	23,7	20,1	24,0	20,3	20,0	-3,7
Ullensvang	25,2	23,6	23,2	21,5	19,9	-5,3
Bømlo	21,6	22,1	20,7	20,3	19,7	-1,9
Kvam	21,5	20,6	20,3	19,5	19,5	-2,0
Kvinnherad	20,6	19,0	19,2	18,4	18,5	-2,1
Etne	32,6	29,1	21,1	19,5	18,5	-14,1
Granvin	17,9	19,5	17,6	18,7	17,7	-0,2
Radøy	20,2	19,0	17,9	18,4	17,6	-2,6
Osterøy	15,1	17,0	16,2	16,5	17,5	2,4
Sveio	25,6	22,0	21,9	16,3	16,5	-9,1
Sund *)	17,5	16,1	40,0	38,5	16,4	-1,1
Meland	17,4	17,5	18,4	17,3	15,9	-1,5
Fitjar	28,4	26,7	19,6	14,3	14,0	-14,4
Fjell	12,5	11,9	11,9	14,2	13,9	1,4
Os	18,2	17,5	17,6	17,4	11,6	-6,6
<b>Hordaland</b>	<b>24,2</b>	<b>24,4</b>	<b>23,8</b>	<b>23,3</b>	<b>22,8</b>	<b>-1,4</b>
<b>Noreg</b>	<b>23,5</b>	<b>23,1</b>	<b>22,4</b>	<b>21,8</b>	<b>21,2</b>	<b>-2,3</b>

\*) I 1999 og 2000 er alle plassane ved Solhaug registrert på Sund, dei andre åra på dei kommunane som kjøper plassar.

\*\*\*) I 2001 er plassar i Modalen som vert selt til andre kommunar registrert på dei kommunane som kjøper plassar.

# Dekkingsgrad aldersheimsplassar o.a. 1997-2001

Kommunane er rangert etter høgast dekkingsgrad for aldersheimsplassar i 2001

Kommune	31.12.1997	31.12.1998	31.12.1999	31.12.2000	31.12.2001	Endring 97-01
Modalen *)	85,7	70,6	70,6	63,2	47,4	-38,3
Askøy	11,1	11,0	10,4	10,0	10,9	-0,2
Øygarden	10,2	9,6	9,3	9,4	10,7	0,5
Kvam	9,1	8,7	8,5	8,1	8,1	-1,0
Jondal	8,9	8,3	8,5	7,7	7,8	-1,1
Radøy	10,1	9,5	8,9	8,5	7,8	-2,3
Vaksdal	6,9	7,1	7,0	7,2	7,8	0,9
Etne	17,5	16,9	7,0	6,5	6,2	-11,3
Ulvik	4,5	12,9	6,0	5,5	5,6	1,1
Fusa	7,6	4,6	8,6	5,6	5,4	-2,2
Odda	5,8	5,5	5,4	5,2	5,2	-0,6
Tysnes	5,9	5,6	5,3	5,1	5,1	-0,8
Bergen	7,3	6,9	6,7	6,0	5,1	-2,2
Osterøy	2,6	4,5	4,3	4,4	4,2	1,6
Kvinnherad	3,9	5,6	5,7	3,9	4,0	0,1
Bømlo	4,0	4,2	4,0	3,9	3,9	-0,1
Fjell	0,0	0,0	0,0	3,0	3,1	3,1
Voss	5,9	5,5	5,5	5,4	2,5	-3,4
Stord	0,0	0,0	0,0	0,0	1,9	1,9
Austevoll	6,9	4,9	4,9	0,0	1,0	-5,9
Ullensvang	2,6	2,4	2,4	2,2	0,7	-1,9
Masfjorden	13,7	13,6	12,5	12,7	0,0	-13,7
Os	4,1	3,9	3,9	3,9	0,0	-4,1
Austrheim	7,0	7,4	6,7	0,0	0,0	-7,0
Eidfjord	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0
Fedje	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0
Fitjar	10,5	9,9	0,0	0,0	0,0	-10,5
Granvin	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0
Lindås	8,9	9,0	0,0	0,0	0,0	-8,9
Meland	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0
Samnanger	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0
Sund	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0
Sveio	6,7	0,0	0,0	0,0	0,0	-6,7
Ølen	2,4	0,0	0,0	0,0	0,0	-2,4
<b>Hordaland</b>	<b>6,6</b>	<b>6,4</b>	<b>5,8</b>	<b>5,2</b>	<b>4,5</b>	<b>-2,1</b>
<b>Noreg</b>	<b>5,0</b>	<b>4,5</b>	<b>3,6</b>	<b>3,4</b>	<b>2,9</b>	<b>-2,1</b>

\*) I 2001 er plassar i Modalen som vert selt til andre kommunar registrert på dei kommunane som kjøper plassar.

# Dekkingsgrad sjukeheimsplassar 1997-2001

Kommunane er rangert etter høgast dekkingsgrad for sjukeheimsplassar i 2001

Kommune	31.12.1997	31.12.1998	31.12.1999	31.12.2000	31.12.2001	Endring 97-01
Eidfjord	55,2	56,1	55,2	55,2	48,5	-6,7
Fedje	34,0	34,0	31,5	29,6	28,6	-5,4
Austevoll	20,2	19,7	18,9	27,5	27,4	7,2
Masfjorden	10,3	10,2	9,4	9,5	25,6	15,3
Ulvik	21,6	17,6	25,0	23,1	23,6	2,0
Ølen	15,8	18,3	17,2	16,8	22,1	6,3
Samnanger	24,6	25,6	23,4	23,9	22,0	-2,6
Voss	18,6	18,0	18,1	17,6	21,7	3,1
Lindås	10,7	12,5	22,6	21,7	21,5	10,8
Austrheim	15,7	16,7	15,1	22,1	21,1	5,4
Jondal	23,3	21,9	22,3	20,2	20,6	-2,7
Bergen	19,2	18,7	19,3	19,1	19,9	0,7
Ullensvang	22,6	21,2	20,9	19,3	19,2	-3,4
Stord	21,9	21,1	21,2	22,5	18,4	-3,5
Vaksdal	17,6	17,4	17,4	16,9	18,1	0,5
Granvin	17,9	19,5	17,6	18,7	17,7	-0,2
Tysnes	14,7	14,0	13,3	16,6	16,7	2,0
Sveio	18,9	22,0	21,9	16,3	16,5	-2,4
Sund *)	17,5	16,1	40,0	38,5	16,4	-1,1
Meland	17,4	17,5	18,4	17,3	15,9	-1,5
Bømlo	17,6	17,9	16,7	16,4	15,8	-1,8
Odda	17,0	16,2	15,7	15,2	15,2	-1,8
Fusa	16,1	15,5	15,4	14,7	14,6	-1,5
Kvinnherad	16,7	13,4	13,5	14,5	14,5	-2,2
Fitjar	17,9	16,8	19,6	14,3	14,0	-3,9
Øygarden	15,6	14,7	14,2	14,4	13,7	-1,9
Osterøy	12,5	12,5	11,9	12,1	13,3	0,8
Etne	15,1	12,2	14,1	13,0	12,3	-2,8
Os	14,1	13,6	13,7	13,5	11,6	-2,5
Kvam	12,4	11,9	11,8	11,4	11,4	-1,0
Askøy	9,1	9,0	11,1	11,5	11,2	2,1
Fjell	12,5	11,9	11,9	11,2	10,8	-1,7
Radøy	10,1	9,5	8,9	9,9	9,8	-0,3
Modalen **)	0,0	0,0	23,5	21,1	0,0	0
<b>Hordaland</b>	<b>17,6</b>	<b>18,0</b>	<b>18,0</b>	<b>18,0</b>	<b>18,3</b>	<b>0,7</b>
<b>Noreg</b>	<b>18,5</b>	<b>18,6</b>	<b>18,8</b>	<b>18,4</b>	<b>18,3</b>	<b>-0,2</b>

\*) I 1999 og 2000 er alle plassane ved Solhaug registrert på Sund, dei andre åra på kjøparkommunane.

\*\*\*) I 2001 er plassar i Modalen som vert selt til andre kommunar registrert på dei kommunane som kjøper plassar.



# Alders- og sjukeheimar i Hordaland med meir enn ti plassar pr. 31.12.2001

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

BERGEN RØDE KORS SYKEHJEM	208	SUND SJUKEHEIM	31
FYLLINGSDALEN SYKEHJEM	188	MASFJORDEN SJUKEHEIM	31
LADEGÅRDEN SYKEHJEM	137	SLETTEMARKEN SYKEHJEM	30
MIDTBYGDA SJUKEHEIM	136	SOLSLETTEN ALDERS- OG SYKEHJEM	30
HOSPITALET BETANIEN (SOMATISK SYKEHJEM)	114	STORHAUGEN ALDERSHJEM	30
VOSS SJUKEHEIM	101	MARGIT TANNERS MINNE	30
ENGENSETERET	94	HOSANGERHEIMEN	30
GULLSTØLTUNET	90	MELAND SJUKEHEIM	30
LANDÅS MENIGHETS ELDPRESENTER	86	JONDAL ALDERS- OG SJUKEHEIM	29
DOMKIRKEHJEMMET	82	BRÅVOLLTUNET	29
SYKEHUSET FLORIDA (SOMATISK SYKEHJEM)	76	SELBJØRN PLEIE OG OMSORGSSENTER	29
HATLESTAD ELDPRESENTER A/S	72	MISJONSHEIMEN	29
ODDA SJUKEHEIM	68	VELFERDSSENTRET PÅ MANGER	29
SYKEHJEMMET FRIEDA FASMERS MINDE	66	STOREBØ PLEIE- OG OMSORGSSENTER	28
ARNA HELSEHEIM	66	KORSKIRKEHJEMMET	27
VETLEFLATEN OMSORGSSENTER	66	AUSTRHEIM ALDERS- OG SJUKEHEIM	27
ASKØY SJUKEHEIM	66	SOLTUN ALDERSHJEM	26
SKJOLDTUNET	64	UTNEHEIMEN	26
FRIDALEN SYKEHJEM	62	ULVIK SJUKE- OG ALDERSHEIM	26
ØVSTTUNHEIMEN	61	Fundacion Betanien, Alfaz del Pi	25
MILDEHEIMEN SYKEHJEM	61	HALSNØY ALDERS- OG SJUKEHEIM	25
LYNGBØTUNET BO- OG SERVICESENTER	60	VOSSESTRAND ALDERS- OG SJUKEHEIM	25
KOLSTIHAGEN SYKEHJEM	60	HORDABØHEIMEN	25
ÅSTVEIT SJUKEHEIM	60	LINDÅS BU- OG SERVICESENTER	25
BØMLO SJUKEHEIM	60	ENKERS ALDERSHJEM	23
METODISTKIRKENS ALDERS- OG SYKEHJEM	58	KVELDSOL ALDERSHJEM	23
TOLOHEIMEN	57	ØYGARDEN SJUKEHEIM	23
STORETVEIT SYKEHJEM	55	DALETUNET ALDERSHEIM	22
KNARVIK SJUKEHEIM	54	KONOWS SENTER	20
OS SJUKEHEIM	53	HORDNESTUNET	20
VAKSDAL SJUKEHEIM	52	RØLDAL ALDERS- OG SJUKEHEIM	20
JOHANNES MENIGHETS ALDERSHJEM	50	DET PRIVATE GAMLEHJEM	19
SOLHAUG SJUKEHEIM A/S	50	ODDA ALDERSHEIM	18
SLETTEBAKKEN MENIGHETS ELDPRESENTER	49	NYHAVNSSENTERET	17
KNUTSAÅSEN ELDPRESENTER	49	BETESDA HVILEHJEM A/S	17
ROSENDALSTUNET BO- OG AKTIVITETSSENTER	46	BØMLO ALDERSHEIM	17
FJELL SJUKEHEIM	45	VARALDSØY ALDERSHEIM	17
KALFARET BO- OG SERVICESENTER	41	GRANVIN SJUKEHEIM	17
Ølen omsorgssenter	40	NYKIRKENS ALDERS- OG SYKEHJEM	16
STORD SJUKEHEIM	39	SOLHEIM ALDERSHJEM	16
TYSNES SJUKEHEIM	39	SKÅNEVIK ALDERSHEIM	16
ASKØY ALDERSHEIM	39	FITJAR BU- OG BEHANDLINGSSENTER	16
BERGENS INDREMISJONS ALDERSHJEM	38	MODALEN ALDERS- OG SJUKEHEIM	16
HUSNES SJUKEHEIM	36	FEDJE SJUKEHEIM	16
OSTERØY SJUKEHEIM	36	BISPENGGATEN ALDERSHJEM	14
FUSA BU- OG BEHANDLINGSSENTER	35	ØYGARDEN ELDPRESENTER	14
ØYSTESEHEIMEN	33	STRANDEBARM ALDERSHEIM	13
SAMNANGERHEIMEN	33	EIKHOVDAHEIMEN	13
ETNE SJUKEHEIM	32	BØMLO BU- OG REHABILITERINGSSENTER	12
SVEIO OMSORGSSENTER	32	TYSNES ALDERSHEIM	12
EIDFJORD BYGDAHEIM	32	EVANGER ALDERSHEIM	12
SÅTA BU- OG SERVICESENTER	32	KNARRVIKA KORTTIDSAVDELING	12
ADVENTKIRKENS ELDPRESENTER, NORDÅS	31		

## Prioriterte prosjekt 2001-2002

Fram til sommaren 2000 vart dei statleg tilskota til sjukeheimar og omsorgsbustader tildelt etter kvart som søknadene kom inn og prosjekta fylte vilkåra. Av ein skilte vart dette noko upresist kalla tildeling etter "først til mølla"-prinsippet. For 2001 og 2002 fekk kvart fylke tildelt ei tilsegnssamme, og fylkesmannen i samarbeid med fylkeslegen fekk oppgåva å prioritera mellom søknadene. Tabellen under viser alle dei prioriterte prosjekta i Hordaland, til saman 1 751 sjukeheimplassar og 514 omsorgsbustader fordelt på i alt 76 prosjekt i 22 kommunar.

Kommune/prosjekt	Sjukeheimplassar	Omsorgsbustader
<b>Askøy</b>		
Ravnanger bo- og omsorgssenter	20	32
Flagget omsorgsbustader		27
Askøy aldersheim	8	
Skogstunet	60	
<b>Austevoll</b>		
Storebø pleie- og omsorgssenter	32	6
<b>Austrheim</b>		
Nordliheimen rehabiliteringsplassar	8	
<b>Bergen</b>		
Øvsttunheimen	74	
Landås sykehjem	54	
Arna helseheim	40	
Kalfaret bo- og servicesenter/	34	
Ladegården	30	
Alfaz del Pi - Betanien	25	
Rosehagen	8	6
Skageveien		8
Konow senter/Hjemmet for døve	20	10
Søreide sykehjem 2001	65	
Søreide sykehjem 2002	25	
Bergen Røde Kors sykehjem nybygg	60	
Bergen Røde Kors sykehj. ombygg	114	
Mildeheimen	64	
Slettebakken menighets eldresenter	25	
Fyllingsdalen serviceboliger		25
Godvik sykehjem	24	
Fantoft sykehjem og serviceboliger	60	56
Ulsetskogen sykehjem	64	
Fyllingsdalen sykehjem	104	
Nykirken alders- og sykehjem	8	
Domkirkehjemmet	24	
Solhaug eldresenter	40	
Ladegården ombygging	58	
Bjørge bofellesskap		5
Lyderhorn bofellesskap		8
<b>Bømlo</b>		
Langevåg omsorgsbustader		8
Bømlo aldersheim ombygging	10	
Moster bukolektiv for demente	16	
Steinsbø omsorgsbustader (14 av 16)		14
<b>Etne</b>		
Skånevik omsorgssenter	4	12
Etne omsorgssenter	6	
<b>Fitjar</b>		
Havnahuset II		8
Fitjar bu- og behandlingssenter	7	
<b>Fjell</b>		
Ågotnes bu- og aktivitetssenter I		40
Ågotnes bu- og aktivitetssenter II		20

Kommune/prosjekt	Sjukeheimplassar	Omsorgsbustader
<b>Fusa</b>		
Fusa bu- og behandlingssenter	8	
Eikhovdaheimen	5	
Hellemyra bufellesskap		3
Neset bufellesskap, Eikelandssosen		6
<b>Jondal</b>		
Jondal sjukeheim	30	
<b>Kvam</b>		
Mikkjelsflaten omsorgsbustader		31
Øvsteseheimen	22	
Soltorp omsorgsbustader		18
Tolo omsorgsbustader		16
Toloheimen	32	
<b>Kvinnherad</b>		
Kvadraten		2
Husnestunet bu- og	24	8
Halsnøytunet	17	16
<b>Lindås</b>		
Knarvik sjukeheim	70	
Einelia bufellesskap		8
<b>Meland</b>		
Frekhaug omsorgsbustader		21
Meland sjukeheim, Frekhaug	15	
<b>Odda</b>		
Eide omsorgssenter		32
Bakka Vest sjukeheim	32	
Røldal sjukeheim	9	
<b>Osterøy</b>		
Hauge sjukeheim	64	
Hauge bufellesskap		16
<b>Samnanger</b>		
Reistad		3
Haaga (Steinsland)		4
<b>Stord</b>		
Bandadalen omsorgssenter	26	
<b>Sund</b>		
Skogsskiftet omsorgsbygg	40	
Solhaug	12	
<b>Ullensvang</b>		
Utneheimen	6	
Utne omsorgsbustader		4
<b>Vaksdal</b>		
Daletunet	42	31
Vaksdal sjukeheim ombygging	32	
<b>Voss</b>		
Omsorgsbustad v/Voss sjukeheim		1
Vossestrand alders- og sjukeheim	16	9
Tilbygg v/Voss sjukeheim	24	
Ombygging v/Voss sjukeheim	34	
<b>I alt</b>	<b>1 751</b>	<b>514</b>

## Årsverk i pleie og omsorg

Tabellen viser pleie og omsorgsårsverk i kommunane slik Statistisk sentralbyrå registrerte dei i 1997 og i 2001, samt endringa i denne fireårsperioden. Årsverk i private og ideelle institusjonar som kommunane kjøper tenester av er medrekna.

<b>Kommune</b>	<b>1997</b>	<b>2001</b>	<b>Auke</b>
Bergen	4 097	4 726	629
Lindås	193	309	116
Askøy	319	400	81
Os	195	264	69
Fjell	169	222	53
Stord	194	238	44
Bømlo	195	235	40
Øygarden	64	98	34
Radøy	108	138	30
Kvinnherad	306	334	28
Osterøy	132	157	25
Kvam	207	229	22
Vaksdal	112	132	20
Meland	73	93	20
Austevoll	92	111	19
Tysnes	75	93	18
Sund	98	113	15
Austrheim	47	62	15
Ullensvang	69	83	14
Samnanger	42	56	14
Fitjar	62	75	13
Odda	184	194	10
Fusa	89	99	10
Ølen	66	74	8
Ulvik	35	43	8
Masfjorden	47	54	7
Etne	65	72	7
Jondal	34	39	5
Sveio	77	81	4
Granvin	24	28	4
Fedje	20	24	4
Modalen	21	24	3
Voss	336	336	0
Eidfjord	45	45	0
<b>Hordaland</b>	<b>7 893</b>	<b>9 281</b>	<b>1 388</b>
<b>Landet</b>	<b>79 435</b>	<b>91 820</b>	<b>13 118</b>



Hurtig-trykk AS 55 341050

Skjoldtunet Sykehjem

